

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 12.06.17
SAKSHANDSAMAR: Helga Stautland Onarheim
SAKA GJELD: **Oversikt bierverv i føretaket**

STYRESAK: 55/17

STYREMØTE: 19.06.17

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Bakgrunn for saka

Våren 2015 blei det gjennomført internrevisjon av arbeidet med bierverv i føretaka i Helse Vest. Det blei utarbeidd handlingsplan med tiltak for oppfølging. Internrevisjonsrapporten var sak i styremøte 25.9.15 – sak 59/15. Føretaket har innarbeidd tiltaka. I samsvar med handlingsplanen, skal oversikt over bierverv i føretaket inngå i ordinær driftsrapportering til styret i junimøte kvart år. Saka blei seinast orientert om i styremøte 17.6.2016 - sak 038/16 notat 6.

Status

August 2016 starta Riksrevisjonen ei undersøking av helseføretaka si handtering av bierverv, gjeldande etiske retningslinjer og retningslinjer for bierverv. Januar 2017 blei undersøkinga følgt opp med ytterligare spørsmål knytt til retningslinjene, søknadsprosessen, registra og korleis dei vert nytta og vurdering av risiko. Førespurnaden frå Riksrevisjonen er svart på. Føretaket har ikkje motteke tilbakemelding frå Riksrevisjonen etter dette.

Oversikt bierverv i føretaket

HR-området har i april 2017 sendt ut rapport til direktørar om registrerte bierverv ved alle einingar i klinikk/område, med spørsmål om dette gir eit rett bilde av status for bierverv. I tillegg skal direktørane gje tilbakemelding om det er behov for tiltak for å følge opp bierverv i eigne einingar. Direktørar skulle på bakgrunn av denne påminninga vurdere om det er behov for å følge opp medarbeidarar, og om det er behov for bistand frå HR-området i arbeidet.

Etter utsending av rapportar, informasjon på intranett og påminning frå leiarar, er det 72 medarbeidarar som har registrert bierverv. Samla er det meld 94 bierverv.

I april 2016 var det 95 medarbeidarar som hadde meldt bierverv, medan det var registrert 131 bierverv.

Det er ikkje gjort endringar i retningslinjer eller praksis for handtering av bierverv.

Kategorisering av bierverv –

N = 94

Andre offentlege helseføretak	6
Andre verksemder i Helse Vest	2
Ikkje helseretta verksemder	36
Leverandør/legemiddelindustri	1
Primærhelsetenesta	10
Privat ideell helseretta verksemd	6
Privat legekontor med allmennpraksis	0
Spesialist erklæring	2
Universitet/ høgskule	4
Verksemder med driftstilskott frå Helse Vest	2
Private kommersielle helseretta verksemder	20
Konkurrerende verksemd	0
Anna	5

Oppsummering

Rapportar viser reduksjon i tal registrerte bierverv i 2017(2016 – N=131).

Tilbakemelding frå leiarar om oppfølging og tiltak viser at det framleis må minnast om retningslinjene, der søknad om bierverv er sentralt. Det blir i klinikk/områder sine leiargrupper informert om retningsliner for bierverv.

HR vil halde fram rutinen med å sende halvårlig rapport med oversikt over bierverv i klinikk/område til nivå 2 leiar. Retningslinjene knytt til bierverv vert vidareført.

Det er ikkje kome tilbakemeldingar til Helse Fonna frå riksrevisjonen i samband med kontrollen av helseføretaka si handtering av bierverv (februar 2017).